



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd og stab

Tid: 18.04. kl. 19.00

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren

Desse møtte: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Marit Akslen, Monica Breivik Orre, Bjørg Djupvik Grebstad og Therese Utgård Aas
Varamedl.: Tor P. Mørkeseth

Forfall : Astrid Breivik og Linn Tårnes

Frå kyrkja møtte: Sokneprest Simen N Myklebust og kyrkjeverje Arild Sporsheim.

Åpning : Monica Bereivik Orre: Tema: Tid. Tid er luksus.
Mat : Marit Akslen

Sak 7/23 Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 8/23 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 07.03.23.
Vedtak: Referatet vart godkjent.

Sak 9/23 Evaluering /rekruttering/ styrking folkevalgterolla i soknerådet/FR
Nokre punkt frå Folkevalgte-rapporten vart lagt fram. Særskildt det som handla konkret om korleis styrke folkevalgte rolla i råda. Viktigheita av : Opplæring, møtetidspunkt, og administrativ ressurs er vektlagt etter undersøkinga nasjonalt i Dnk. Therese Utgård Aas førebudde og orienterte om saka.
Det kom fram i samtalen, at soknerådet treng ein person i sekretærfunksjon for rådet. Soknerådet sender eit spørsmål over til Fellesrådet om å finne ei løysing. Dette handlar også om å legge til rette for frivillighet.
Vedtak: Soknerådet ynskjer ei stilling der sekretærfunksjonen blir lagt til soknerådet. Størrelse og instruks på denne stillinga vert avklara seinare.

Sak 10/23 Saman som kyrkje arrangement 18.06.23
Gudsteneste/offer/Søndagsskuleavslutning/Fest i kyrkjeparken
Oppgåvedeling/planlegging vart lagt fram. Stab og sokneråd arbeidar vidare i eit felles planleggingsdokument og spør frivillige.

Sak 11/23 40 års jubileum Møre Bispedøme, Opa kyrkje 16.-17.september
Staben arbeider med denne saka og kjem tilbake med konkrete planer.

Sak 12/23 Møteplan Sykkylven sokneråd

Neste møte: 30.mai.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven sokneråd

Sak 13/23 Val 2023

Info frå val-kurset - SR sine oppgåver førebuing og VALDAGEN
Arild Sporsheim orienterte om oppgåvene som han har ansvar for.
Val etter gudstenesta 10.september og på valdagen mandag 11.sept.
Arild Sporsheim vil ta kontakt med kvar enkelt som skal stille på dei forskjellige oppgåvene dei to valdagane.

Tillegg:

Saker for arbeid i seinare møte:

Stab og sokneråd arbeide vidare med å ta i bruk planverktøyet Kirka vår.

Initiert av stab, med oppfølging frå soknerådet :

«Kyrkja vår» – Heilheitleg menighetsplan

Intro: Simen og Arild

Saman med stab, begynne å sette oss inn i / bruke planen

-Kyrkja vår : Sjå video <https://ressursbanken.kirken.no/nn-NO/digitalisering/kirka-var/>